



Opptrapping av kraftfôr etter kjeing

Forfatter

Helga Kvamsås, TINE Rådgiving

Margrete Eknæs, Institutt for Husdyr og Akvakulturvitenskap, NMBU

Torstein Garmo, Institutt for Husdyr og Akvakulturvitenskap, NMBU

Knut Hove, Institutt for Husdyr og Akvakulturvitenskap, NMBU

Harald Volden, TINE Rådgiving

Karianne Garthus Asheim, Institutt for Husdyr og Akvakulturvitenskap, NMBU

Sammendrag

Åtte geitebuskar gjennomførte i 2015 eit forsøk med ulike opptrappingar av kraftfôrmengde rundt kjeing. Resultata viser at opptrappingshastigheit for kraftfôr ikkje har vesentleg betydning for avdråtten eller forma på laktasjonskurven.

Publisert

2016

Referanse

Sau og Geit 2/2016

Utskriftsdato

14.02.2025 www.fag.nsg.no

Opptrapping av kraftfôr etter kjeing

– verknad på avdrått og form på laktasjonskurven

Åtte geitebuskavar gjennomførte i 2015 eit forsøk med ulike opptrapping av kraftfôrmengde rundt kjeing. Resultata viser at opptrappingshastigheit for kraftfôr ikkje har vesentleg betydning for avdråtten eller forma på laktasjonskurven.

Resultata viser at geitene greide å kompensere for seinare opptrapping av kraftfôr med eit høgare grovfôropptak, slik at mjølkesyntesen vart halde oppe.

Det var tendensar til at geiter i grupper med rask opptrapping av kraftfôr etter kjeing hadde litt raskare stigning i mjølkeavdrått i kg mjølk enn geiter med sein opptrapping.

Feltforsøket er ein del av prosjektet «Produksjon av geitmjolk med høg kvalitet med økt bruk av norske fôrmidler og forbedret forutnyttelse».

To av forsøks spørsmåla var:

- Gir sein opptrapping av kraftfôrmengd etter kjeing ei flatare kurve med meir moderat avdrått i topplaktasjonen enn rask opptrapping?
- Gir rask opptrapping av kraftfôr høgare avdrått enn sein opptrapping?

Totalt var ca. 1.100 geiter med i forsøket, 300 førstelaktasjonsgeiter og 800 eldre geiter. Kjeinga var konsentrert til januar, februar og mars.

Mål for avdrått bestemte kraftfôrnivå ved kjeing

Forsøket starta 3 veker før kjeing og vart avslutta ved avsinning. Buskapanne hadde ulike mål for avdråttsnivå. Det vart difor nytta ulike opptrappingsstrategiar for kraftfôr før kjeing.

To ulike opptrappingshastigheiter for kraftfôr etter kjeing

Med grunnlag i grovfôranalyser vart det sett opp fôrplanar for besetningane ved bruk av *TINE Fôrplan Geit*. Kraftfôrtype var bestemt av grovfôr kvaliteten. Kraftfôrmengda som geitene skulle opp i etter kjeing var bestemt av mål for avdråttsnivå, grovfôr kvaliteten og av tilrådde grenser for energidekning, AAT- og PBV-nivå og vombelastning. Kvar besetning testa to ulike opptrappingshastigheiter. Både førstelaktasjonsgeiter og eldre geiter vart delt i to grupper; rask (40 g/dag) og sakte (20 g/dag) opptrapping. Tal dagar for opptrapping av kraftfôret i «rask»-gruppene var 15-20 dagar og i «sein»-gruppene 35-40 dagar. Etter opptrappinga vart kraftfôrnivået halde konstant dei første 90 dagane av laktasjonen, i praksis fram til beiteslepp. I resten av laktasjonen bestemte produsenten sjølv kraftfôrstrategien.

Registrering av avdrått, mjølke kvalitet og levandevæker

Dagsavdrått vart registrert kvar veke fram til ca. 90 dagar i laktasjonen. Buskapanne med elektronisk identifikasjon på geitene på mjølkestall, registrerte avdrått kvar veke gjennom heile laktasjonen. Besetningar utan dette systemet brukte data frå den ordinære geitekontrollen i resten av laktasjonen. Ein tok ut individuelle prøver av forsøksgeitene ein gong per månad for analyse av fett, protein, laktose, celletall, urea og frie feittsyrer.

Geitene vart veid relativt kort tid etter kjeing og om lag 90 dagar ut i laktasjonen.

Små skilnader i avdrått og form på mjølkekurve

Det var små skilnader mellom gruppene når det gjeld utvikling i avdrått målt i kg energikorrigerert mjølk (EKM).



Rask opptrapping av kraftfôr ser altså ikkje ut til å gi utslag i raskare auke i mjølkeyting enn sein opptrapping. Avdråtsnivået i topplaktasjonen ser heller ikkje ut til å vere vesentleg forskjellig for rask og sein opptrapping.

Skilnader i kraftfôrmengde i opptrappingsperioden

Geitene med rask opptrapping fekk i middel ca. 5 kg meir kraftfôr i opptrappingsperioden på 40 dagar, og i middel mjølka dei 3,6-4 kg EKM meir enn geitene på sein opptrapping. Marginalutbyttet per kg kraftfôr er i middel 0,7-0,8 kg EKM.

Vektauke i alle grupper fram til 90 dagar etter kjeing

I gjennomsnitt auka både eldre geiter og førstelaktasjonsgeiter levandevakta fram til laktasjonsdag 90. Førstelaktasjonsgeiter med rask opptrapping av kraftfôr hadde noko høgare vektauke enn førstelaktasjonsgeiter med langsam opptrapping. Dette kan tyde på at dei oppnådde energibalanse tidlegare. For eldre geiter var vektauken størst i gruppa med sein opptrapping av kraftfôr. Eldre geiter tar altså att eventuelt tap av hald, og første-laktasjonsgeiter veks fram til laktasjonsdag 90.

Høgare grovfôropptak kompensere for sein opptrapping med kraftfôr

Små skilnader i avdrått og vektauke i alle forsøksgrupper indikerer at geitene kompensere for sein opptrapping med høgare grovfôropptak. Dette gir interessante perspektiv på val av kraftfôrstrategi. Etter kjeing skjer det store endringar i samansetning av fôr-rasjonen. Mjølkeproduksjonen krev etter kvart energi- og næringsforsyning som er 3-4 gonger høgare enn trongen til vedlikehald. Vomma må tilpasse seg meir intensiv gjæring pga. høgare fôr-opptak og ein rasjon med høgare kraftfôrdel. Første vekene etter kjeing er ein vanskeleg balansegang, der geitene lett får dårleg vommiljø og diaré. Slike problem kan få negative konsekvensar for produksjonen langt utover i laktasjonen. Dersom geitene greier å kompensere for seinare opptrappingshastigheit for kraftfôr, med høgare grovfôropptak, er dette svært gunstig. Problem med diaré og sur vom er den største føringss-



Tabell 1. Opptrapping av kraftfôr før kjeing hos eldre geiter.

	3 veker før	2 veker før	1 veke før
Mål for avdrått			
< 700 kg	0,4	0,4	0,5
700 – 800 kg	0,5	0,5	0,6
800 - 900 kg	0,5	0,6	0,7
> 900 kg	0,6	0,7	0,8

Tabell 2. Opptrapping av kraftfôr før kjeing hos førstelaktasjonsgeiter.

	3 veker før	2 veker før	1 veke før
Mål for avdrått			
500 – 600 kg	0,4	0,4	0,4
600 – 700 kg	0,4	0,4	0,5
700 – 800 kg	0,5	0,6	0,6
> 800 kg	0,5	0,6	0,7

Åringane mjølkar ca. 80% av det dei vaksne mjølkar.




Fig. 1. Utvikling i avdrått.




Fig. 2. Vektendring frå kjeing til laktasjonsdag 90.

utfordringa vi har på geit. Når geitene klarer å kompensere for seinare opptrappingshastighet, med høgare grovfôropptak, kan ein også redusere totalt kraftfôrforbruk i buskapen.

Oppnådd årsavdrått i forsøksbuskapane

To besetningar fekk lågare avdrått på førstelaktasjonsgeitene enn målsetjinga. Dette kan forklarast ved at det i besetning 1 var problem med å få førstelaktasjonsgeitene til å gå inn i kraftfôrstasjonane. I besetning 7 hadde førstelaktasjonsgeitene og nokre 2.-laktasjonsgeiter tidvis diaré. Dei andre besetningane oppfylte eller overoppfylte sine målsetjingar for avdrått.

Av Helga Kvamsås¹⁾

Margrete Eknæs²⁾

Torstein Garmo²⁾

Knut Hove²⁾

Harald Volden¹⁾

Karianne Garthus Asheim²⁾

¹⁾TINE Rådgiving

²⁾Institutt for Husdyr og Akvakulturvitenskap, NMBU

Oversikt over besetningar, målsetjing og oppnådd avdråttsnivå:

Tabell 3. Førstelaktasjonsgeiter. Resultat frå Geitekontrollen 2015

Besetningsnr:	Mål for avdrått kg mjølk	Oppnådd avdrått a) kg mjølk	Oppnådd avdrått, 280 dagar laktasjon b) kg mjølk
1	600-700	*)555	*)490
2	600-700	692	636
3	600-700	625	588
4	600-700	825	685
5	700-800	855	707
6	600-700	616	560
7	600-700	**)605	**)497
8	500-600	400	454

*) Problem med at 1. laktasjonsgeitene ikkje ville gå i kraftfôrautomatane

**) Mange tilfeller med diaré hos 1. laktasjonsgeitene.

Tabell 4. Eldre geiter. Resultat frå Geitekontrollen 2015

Besetningsnr:	Mål for avdrått kg mjølk	Oppnådd avdrått a) kg mjølk	Oppnådd avdrått, 280 dagar laktasjon b) kg mjølk
1	800-900	895	908
2	700-800	917	947
3	800 - 900	874	894
4	> 900	1.173	994
5	> 900	961	1.015
6	700-800	788	828
7	800 - 900	771	790
8	<700	525	661

a) Oppnådd avdrått: Middel akkumulert kg mjølk frå kjeing til avlating.

b) Oppnådd avdrått 280 dagar: Berekna kg mjølk frå kjeing til 280 dagar etter kjeing.



Gi lammet ditt det aller beste!

Pluss Pontus melkeerstatning til lam
Høgt energiinnhold gir et kostnadseffektivt fôr - høg tilvekst med mindre pulvermengde.

- God smakelighet
- Gir høg tilvekst
- Gode utblandingsegenskaper
- Passer godt til tidlig avvenning
- Passer til botte- og automatfôring



www.fkra.no • www.felleskjopet.no